Visuell profil

# Lom

## gjestfritt og nyskapande



# Visuell profil



Med den visuelle profilen har Lom kommune som målsetting at varemerkebyggjinga kring Lom skal forsterkast og bli enklare. Profilen er tilgjengeleg for alle som vil nytta den etter dei reglar som er fastsett av Lom kommune. Dette vil gje oss ei større felleskapskjensle og samhøyrigheit i åra som kjem.

Lom er ein fantastisk bygd i sentrum av Jotunheimen og fjellregionen. Lom stiller i ei klasse for seg sjølve når det gjeld profil og status. Eg er i likheit med mange andre svært stolt over og vere lomvær og innbyggjar i ei bygd som har ualminneleg gode føre-setnader for å skape ei spanande og berekraftig utvikling i tida framover. For å lukkast i dette arbeidet, krevst det samarbeid og samhandling på alle nivå. Vi må også identifisere oss med verdiar og strategiar som fører bygda vidare framover. Profilprogrammet kan hjelpe oss med dette.

I 2007 har Lom kommune vedteke ein eigen samfunnsdel til kommuneplanen der føremålet er å behalde langsiktige utfordringar og trekkje opp mål og retningsliner for utvikling i Lom kommune som samfunn og organisajon.

Lom skal vere eit lokalsamfunn basert på desse grunnverdiane:
- gjestfri
- open
- inkluderande
- respektfull
- nyskapande
- trivsel
- lokal kultur og historie
- natur

Som visjon her er valgt
Lom - gjestfritt og nyskapande.

Slagordet Kom til Lom er med å synleggjer visjonen.

Simen Bjørgen
ordførar

# Vatnet



Profilen for Lom er utarbeidd for å kunne markere bygda på ein ryddig og einsarta måte. Den visuelle profilen for Lom er bygd rundt det ekte og det eigenarta.

Vatn har gjennom tidene forma fjell og dal til det vi kjenner i dag. Lom er dominert av mektige vassdrag. Rennande bekker og stille vatn har vore utgangspunktet for mange turistaktivitetar. Snø og is dannar grunnlaget for fjellskigåing, sommarski og brevandring.

Men, Lom er også av dei tørraste stadene i Noreg, og det er slik vatnet har vore med og skapt kulturlandskapet. Dei einestående vassvegane har ført vatnet ned frå fjellet til gardane nede i dalen. Dette har gjort det mogleg å drive landbruk og kunne eksistere her.

Som det gamle ordtaket seier: "Gjev Vårherre sol, ska oss sjølve skaffe væte". Sjeltreko var nytta til spreiing av vatn og det er her Lom har henta motiv til kommunevåpenet.

Når ein skulle finne motiv som skulle synleggjere noko typisk og ekte for Lomsbygda, måtte dette ha sitt utspring i vatnet. Vatnet som er så grunnleggjande for alt som er skapt i Lom.

Profilen til Lom er bygt opp med fargar henta frå vatn, naturen, kulturen og fjellet. I tillegg til kommunevåpenet og sjeltreko er vassperlen valgt som element i profilen som eit bindeledd mellom alle former for visuelle uttrykk. Små vassdropar som blir til ei masse med enorme krefter som saman kan flytte fjell.

Dette er ein profil for heile Lom, og ikkje berre for kommunen. Hyppig bruk av den visuelle profilen vil hjelpe til med å binde saman instansar og grender i Lom. Det er ynskje om at verksemder og lag tek i bruk profilen som ein del av sin eigen presentasjon.

# Kommunevåpenet

Kommunevåpenet for Lom har sitt utgangspunkt i sjeltrekoa som var nytta til spreiing av vatn utover jorda. Kommunevåpenet er det offentlege symbolet for Lom kommune og kan berre brukast av Lom kommune. Våpenet skal berre reproduserast i blå (PMS refleks blå) og kvit. Sølvfarge kan erstatte kvitfarga på skilt, merke, gåveartiklar og på trykksaker dersom det teknisk er hensiktsmessig.

Kommunevåpenet kan aldri brukast i negativ versjon og den skal heller aldri attgjevast med omriss i kvitt eller andre fargar. Kommunevåpenet kan attgjevast i einfargeversjon eller svart/kvitt-versjon.  Saman med namnet Lom må plasseringa fylgje retningslinene på neste side.

**Last ned eps**
**Last ned jpg**



## Kommunelogo

Kommunelogoen er sett saman av ordet Lom og kommunevåpenet.

Til Lom er det brukt skrifttypen Garamond. Det er den einaste fonten som skal brukast på ordet Lom i logoen med eller utan kommunevåpen (sjå også side 24).

Samansetnad av ordet Lom og kommunevåpen skal vere som vist her. Det skal ikkje brukast andre plasseringar eller andre proporsjonar mellom ordet Lom og kommunevåpenet.

Kommunevåpenet skal attgjevast i blå (PMS refleks blå) og sjeltreko i kvit eller sølv. Trykk i sølv (pan 877) skal brukast berre på offisielle dokument. For å få fram sølvpreget kan det i særskilde tilfelle brukast sølvfolie.
Ordet Lom i brun (PMS 4975).
Kommunelogo kan attgjevast i einfargar eller svart/kvit.
Som unntak kan brunfarga bytast ut med svart.
Det er berre Lom kommune som kan bruke kommunevåpenet. Våpenet blir brukt i tilknyting til den offisielle delen av Lom.

**Last ned logo A cmyk eps**
**Last ned logo B cmyk eps**
**Last ned logo A pms eps**
**Last ned logo B pms eps**
**Last ned logo A jpg**
**Last ned logo B jpg**

Sylv må leggjast inn som erstatning for kvitt i eps-versjonen eller leggjast inn med sølvfolie.

## Kommunelogo







Tekst, bilete o.l. skal ikkje plasserast så tett inntil logoen at elementa kjem inn i gridsystemet.




Ved produksjonsmetodar der ferdig originalmateriell ikkje kan brukast, skal desse gridsystema for plassering og proporsjonar til logoen brukast.

# Kommunelogo

Kommunelogoen kan nyttast som svart/kvit. Svart er ei flat farge utan varme eller djupne og bør brukast så lite som mogleg.

Kommunelogoen kan attgjevast i ei farge i enkle trykksaker med trykk i berre ein farge. Ein av fargane i fargepaletten må brukast ved attgjeving i ein farge. I slike tilfelle vil det gje best resultat ved bruk av ein av dei mørke fargane i staden for svart.

Kommunelogoen kan attgjevast i negativ. Kommunevåpenet kan aldri attgjevast i negativ versjon og den skal heller aldri omrissast med kvit eller andre fargar.
I den negative versjonen av logoen skal ordet Lom alltid vere i kvit.

# Kommunelogo

Andre fargekombinasjonar enn blå og brun kan ikkje brukast.

Ordet Lom i logoen og som enkeltståande logo utan kommunevåpen skal ikkje setjast opp med andre fontar enn Garamond.

Kommunevåpenet kan ikkje produserast som negativ.

Det skal ikkje brukast omriss i kvit eller andre fargar rundt kommunevåpenet eller ordet Lom.

## Skrift

Det er teke i bruk to fontar/skrifttypar i profilen til Lom. Desse er Garamond og Dax. Desse to fontane skal brukast i alt som blir produsert for Lom. Unnatak er overskrift på reklamemateriell der tekst/skrifttype i kvart tilfelle må tilpassast aktuell målgruppe.

Hovudfont til profilen for Lom er Garamond, som kan brukast både i overskrift og vanleg tekst. Garamond er ein klassisk serif font.Alle snitt av fonten kan brukast. I særskilde høve kan Garamond erstattast med Times New Roman.

I kommunal korrespondanse og løpande mengdetekst frå eigne skrivarar skal alltid Times New Roman brukast. Til overskrift bør Garamond brukast.

Times New Roman kan også brukast på nettsidene. Garamond eller Dax skal brukast på overskrifter. På enkelte internettpresentasjonar kan det vere føremålstenleg å leggje inn overskrifter som fotofil for å få rett font og rette fargar.

# Garamond

ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklnopqrstuvwxyzæøå
1234567890 Garamond

*ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ*
*abcdefghijklnopqrstuvwxyzæøå*
*1234567890 Garamond Italic*

**ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ**
**abcdefghijklnopqrstuvwxyzæøå**
**1234567890 Garamond Bold**

ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklnopqrstuvwxyzæøå
1234567890 Garamond Bold Italic

## Times New Roman

ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklnopqrstuvwxyzæøå
1234567890 Times New Roman

# Skriftt

# Dax

Dax er ein moderne sans serif font.

Dax er sekundær font i profilen og kan brukast på adresser ol. Fonten kan også brukast til overskrifter og vanleg tekst. Fonten finst frå Dax Light til Dax Ekstra Bold. I heilt spesielle tilhøve kan Dax erstattast med VAG

ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklnopqrstuvwxyzæøå
1234567890

ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklnopqrstuvwxyzæøå
1234567890

**ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ**
**abcdefghijknopqrstuvwxyzæøå**
**1234567890**

**ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ**
**abcdefghijklnop qrstuvwxyzæøå**
**1234567890**

# Fargebruk




Fargane til den visuelle profilen for Lom er valde ut etter fire inspirasjonskjelder:

a. Vinter, is og vatn
b. Vår, sommar og landbruk
c. Haust og tømmerbygningar
d. Fjell

Berre desse fargane skal brukast ved trykksaker, skilting, artiklar o.l. som skal profilere og presentere Lom.

# Fargebruk

I tillegg kjem blå og sølv som blir brukt i kommunevåpenet. Blåfargen til kommunevåpenet bør brukast så lite som råd elles.

Alle fargane kan også brukast som rastrerte tonar men bør avgrensast mest mogleg til strek og bakgrunnar i felt.

I ein og same presentasjon bør fargevalget i størst mogleg grad bli henta frå ei og same fargegruppe.

Fargane er definert som ein PMS farge. PMS er eit internasjonalt system forblanding av trykkfargar. Dette systemeter så brukt som grunnlag for dei andre fargesystema som blir brukt i produksjon og på skjerm.

| PMS | CMYK | RGB | Internett |
|---|---|---|---|
| 301 | 100C 43M 0G 18K | R0 G84 B150 | 006699 |
| 638 | 72C 0M 9G 0K | R107 G189 B226 | 66CCCC |
| 630 | 43C 0M 11G 0K | R165 G211 B226 | 00CCCC |
| 5757 | 27C 0M 87G 51K | R107 G116 B55 | 666633 |
| 349 | 100C 0M 83G 47K | R49 G108 B63 | 336633 |
| 362 | 76C 0M 100G 11K | R96 G163 B58 | 009933 |
| 4975 | 0C 72M 83G 79K | R67 G35 B39 | 663333 |
| 484 | 0C 87M 83G 30K | R144 G58 B57 | 993333 |
| 158 | 0C 60M 94G 0K | R212 G116 B42 | FF6633 |
| 520 | 69C 94M 18G 0K | R95 G53 B120 | 663366 |
| 493 | 0C 51M 23G 6K | R206 G135 B158 | CC9999 |
| 416 | 0C 0M 15G 51K | R142 G145 B133 | 999999 |
| Refeks blå | 100C 72M 0G 6K | R31 G35 B160 | 003399 |

| PMS | 3 M folie (Scotchcal) | Næraste malingsfarge |
|---|---|---|
| 301 | 100-002 | 4342-R97B |
| 638 | 100-602 | 1050-B10G |
| 630 | 100-600 | 0040-B30G |
| 5757 | - | 5020-650Y |
| 349 | 100-450 | 5040-G10Y |
| 362 | 100-122 | 3050-G30Y |
| 4975 | 100-060 | S7010-Y90R |
| 484 | 100-23 | 4040-R |
| 158 | 100-091 | 174-Y63R |
| 520 | 100-265 | 4040-R50B |
| 493 | 100-715 | 1040-R10B |
| 416 | 100-365 | 4502-G |
| Refeks blå | 100-520 | S3560-R80B |

Vassperlene skal brukast som eit bindeledd mellom alle former for visuelle uttrykk. Det er laga ein original som skal brukast i alle aktuelle samanhengar. Ved all bruk av perlen skal det leggjast vekt på ein naturleg attgjeving både når det gjeld storleik og plasering. Vassperlene skal attgjevast i klynger, - ikkje brukast enkeltvis. Perlene må ikkje lagast for store.
I trykksaker med ein diameter på maks 10 mm. Det skal leggjast vekt på ein mest mogleg naturleg plassering av perlene. Unngå bruk av perleklygene innklemt mellom andre element/tekst.




- Vassperlene må aldri brukast under tekst eller andre element.
- Perlene skal aldri delast opp men attgjevast heile. Bruk aldri perla i kanten av arket.
- Vassperlen skal i minst mogleg grad kombinerast med andre element som Kom til Lom! og sjeltreko.
- Vassperlen skal aldri danne eit mønster t.d. med likt oppsett frå side til side eller bruk av perlen i rekkjer.
- Unngå bruk av perleklyngene innklemt mellom andre element/tekst.
- Vassperlen skal berre unntaksvis brukast på bilar, skilt, faner, skjerm/net eller tavler.








Vassperlene kan heilt eller delvis plasserast oppå andre bilder. For å få ein transparent virkning må styrken på perlen justerast i billedbehandlings-program. Den lagdelte versjonen av perlen må da brukast (perle.psd). Skugge kan leggjast til og tettheit og innstillingar justerast.



**Last ned perle:**

**Lagdelt:**
**perle.psd**
**perlelita.psd**
**perleklynge300dpi.psd**
**perleklynge72dpi.psd**

**Ikkje lagdelt:**
**perlelita1cm300dpi.jpg**
**perlelita1cm72dpi.jpg**
**perlelita5mm300dpi.jpg**
**perlelita5mm72dpi.jpg**

**perleklyngea300dpi.jpg**
**perleklyngea72dpi.jpg**

**perleklyngeb300dpi.jpg**
**perleklyngeb72dpi.jpg**

**perleklyngec300dpi.jpg**
**perleklyngec72dpi.jpg**

Alle versjonene er i rgb-format. Hugs å gjere om til CMYK ved fargetrykk eller ev. gråtone ved trykk i ei farge.

# Sjeltreko

Sjeltreko symboliserer den gamle vasskulturen vår og også alt slitet som måtte til for å halde liv i bygda. Sidan Lom kommune har dette som symbol i kommunevåpenet, har sjeltreko pryda den kommunale symbolbruken i ulike former.

Alt på 1600-talet var sjeltreko brukt som symbol på bygdefana som vart opphengt i Lomskyrkja og som heng der den dag i dag over midtskipet.

Det var ein stor teknologisk vinning da vass-spreiarane kom og Nyrnesspreiaren vil  i ettertid stå som eit bilete på høg teknisk standar.







## Sjeltreko

Dekoren av sjeltreko blir brukt som bakgrunn/vassmerke på brevark, konvoluttar, visittkort og andre trykksaker i kommunal regi.

- Det er viktig med utsnitt som vist på denne sida der skjeltreko er forankra i høgre/venstre kant og i nedre kant. I øvre kant skal ikkje kulene på toppen av illustrasjonen vere med i trykken. Det skal alltid være utfallande trykk.

- Sjeltreko skal attgjevast i same farge som kommuevåpenet (refleks blå) eller i PMS 4975 i låg rasterverdi. Illustrasjonen skal ha ein vag attgjeving (5-10%) og må ikkje dominere.

- Skjeltreko som vassmerke skal fyrst og fremst bli brukt på meir offiesielle dokument men kan også brukast i andre trykksaker.

- Sjektreko som vassmerke skal berre kombinerast med bruken av kommunevåpen/ kommunelogo - ikkje saman med perler eller Kom til Lom!



**Last ned sjeltreko:**
**sjeltreko 50 cm lagdelt cmyk komprimert**
**sjeltreko 25 cm rgb reflexblå**
**sjeltreko 25 cm rgb 4975**

- Det skal i utgangspunktet ikkje brukast på sider med foto eller andre dominerande element men det kan leggjast tekst oppå dekoren.

## Namn

Ordet Lom blir brukt som logo når ikkje kommunevåpenet skal brukast. Enten av kommunen når det er ynskje om ein mindre offisiell avsendarprofil eller av andre instansar. Når ordet Lom står for seg sjølv utan kommunevåpen, kan alle fargane i fargekodene brukast. Ordet Lom skal alltid sjå slik ut i form og forholdet breidde/høgde skal ikkje endrast.

Når ordet Lom skal brukast saman med eit slagord, skal Lom attgjevast som i logoen i Garamond. Øvrig tekst bør attgjevast i Dax, men andre fontar kan også brukast. Bruk fargar frå ei og same fargegruppe og velg ei domineranse farge på Lom.

Lom

Lom ekte og eigenarta




Når ordet Lom skal brukast saman med eit slagord og teksten er plassert under eller over Lom, skal teksten ha ei høgde frå halve x høgde til ein heil x høgde. Slagord/ undertekst kan venstrestillast eller midtstillast.

Lom
Gjestfritt og nyskapande

# Kom til Lom!

Kom til Lom! kan brukast i skrifttyper frå profilprogrammet, ved bruk av Freestyle Script Bold eller ved bruk av fotofil vedlagt profilprogrammet. Ved bruk av skrifttyper frå profilprogrammet kan alle fargevariantane brukast.

Kom til Lom! kan brukast på trykksaker, annonser eller som bildekor eller der budskapet ellers har sin naturlege plass.

Ved bruk på bil bør dekoren skjærast ut i folie. På vindaugo blir dette gjort ved bruk av speilvendt utskjæring og påføring innvendig. Ved bruk av Freestyl Script Bold skal det alltid brukast PMS 301 eller kvit farge. Kvit blir brukt på dominerande bakgrunnsfargar og kan også brukast på vindaugo.

Kom til Lom! skal ikkje brukast med vassperler som del av same montasje.







**Last ned:**
komtillom.psd
komtillom300dpi.jpg
komtillom72dpi.jpg
komtillom.eps

# Forretningstrykksaker

Layouten for brevark for Lom kommune er fastlåst, men plassering, storleik og fargar på vassperlene kan og bør variere.

Opplysningane oppe til høgre (avdelingsnamn, dato osv.) skal ikkje trykkjast på brevark, men Garamond bør brukast også på skrivaren. Times kan brukast som erstatning.

Sølv
Kommunevåpenet kan trykkast med sjeltreko i sølv (pan 877). For å få fram sølvpreget kan det i særskilde tilfelle brukast sølvfolie.

Papir
Til offisell bruk kan det brukast brevpapir av litt finare kvalitet gjerne med gultone.



# Forretningstrykksaker




Dekoren av sjeltreko kan brukast som bakgrunn/ vassmerke på brevark i kommunal regi. Det er viktig med utsnitt på brevark er fornakra i høgre og i nedre kant.

I øvre kant skal ikkje kulene på toppen av illustrasjonen vere med i trykken. Det skal alltid være utfallende trykk.

- Sjeltreko skal attgjevast i same farge som kommuevåpenet (refleks blå) eller i PMS 4975 i låg rasterverdi. Illustrasjonen skal ha ein vag attgjeving (5-10%) og må ikkje dominere.

- Sjektreko som vassmerke skal berre kombinerast med bruken av kommunevåpen/kommunelogo - ikkje saman med perler eller Kom til Lom!

Brevark utan dekor (perler eller sjeltreko) er ein tredje variant med same plasering av logo og tekst.




Last ned trykkoriginal til brevark i QuarkxPress
**brevark.zip**

## Forretningstrykksaker










På C4 eller andre større konvoluttar skal kommunelogoen aukast i storleik. Storleiken på perler bør også aukast.

Kommunelogo på konvoluttar skal alltid plasserast på topp venstre hjørne. På E 6/5 og C5 skal avstanden vere på 13 mm og frå venstre kant på 15 mm. På C4 eller andre større konvoluttar skal kommunelogoen ha same avstand til kantane men aukast i storleik. Storleiken på perler kan også aukast på dei store konvoluttane.
Vassperler skal plasserast nede i høgre hjørne i god avstand frå nedre og høgre kant.

Dekoren av sjeltreko kan brukast som bakgrunn/ vassmerke på konvoluttar i kommunal regi. Det er viktig med utsnitt på brevark er fornakra i høgre og i nedre kant. I øvre kant skal ikkje kulene på toppen av illustrasjonen vere med i trykken. Det skal alltid være utfallende trykk.

- Sjeltreko skal attgjevast i same farge som kommuevåpenet (refleks blå) eller i PMS 4975 i låg rasterverdi. Illustrasjonen skal ha ein vag attgjeving (5-10%) og må ikkje dominere.

- Sjektreko som vassmerke skal berre kombinerast med bruken av kommunevåpen/ kommunelogo - ikkje saman med perler eller Kom til Lom!

Kommunevåpenet kan trykkast med sjeltreko i sølv (pan 877). For å få fram sølvpreget kan det i særskilde tilfelle brukast sølvfolie.

Til offisell bruk kan det brukast brevpapir av litt finare kvalitet gjerne med gultone.

**Last ned originalar i QuarkXPress**

# Annonser

Kommunale annonser kan attgjevast både i fargar og svart/kvitt. Dersom det skal trykkast i fargar skal blå cmyk 100C 43M 0G 18K fyrst og fremst prioriterast. Grønn 100C 0M 83G 47K eller brun 0C 72M 83G 79K brukast. Det er utarbeidd toppelement til alle desse tre variantane i tillegg til svart.

Det er laga eigne toppelement til annonser breiare enn 3 spaltar og fleire forskjellige for kvar farge/storleik.

Kommunelogo i fargar eller svart/kvitt. Bruk eps-logo og tilpass storleik. Kom til Lom! kan brukast men skal aldri kombinerast med perler.

Rammestr.:
1 spalte 1,5 pt.
2 spalter og større: 2 pt.
Fontbruk:
Overskrift (sentrert vertikalt):
1 spalte: Garamond 12 pt.
2 spalter/større Garamond 14-36 pt.
Annonsetekst: Dax reg. minimum 8 pt.
Adressefelt: Garamond 9 - 11 pt.







På alle annonse-former skal all tekst venstrestil-last. Adressefelt skal jamnstillast i høgda med kommunelogo.

Element:
Perler som kan veljast i forskjellige utgåver. Legg aldri tekst over eller tett inntil perlene. Plasser perlene til høgre på toppen.

**Last ned originalmateriell til annonser i QuarkXPress ...**

## Større annonser




Ved utforming av større annonser skal dei generelle reglane for bruk av fargar, rammenett, fontbruk og annonseutforming brukast. Det er utarbeidd topp med og utan perler. Perlene kan leggjast inn som del av toppstolpe eller på andre felt i annonsa.